

Korona smittevernplan

KM-stafett 2020/21

Smittevernplanen er utarbeidd med utgangspunkt i retningslinene frå Buskerud Skikrets og godkjent av kommuneoverlegen i Ål. Følgjande gjeld for arrangementet:

- Hald minst 1 meter avstand til andre.
- Har du symptom på luftsvogsplager eller andre symptom på korona skal du ikkje møte opp på stadion.
- Sørg for god handhygiene.
- Det er berre utøvarar frå klubbar i Buskerud skikrets som kan delta.
- Det vert sett ei maksgrense på 33 lag i klassane 8-10 år og 11-12 år. I klassane 13-senior er det maksimalt 40 lag. Vert det fleire lag i nokre av kohortane er det registrert tidspunkt for påmelding i Sportsadmin som avgjer. Er det lag som ikkje får plass, vil dei få melding om det den 29. desember.
- Lag frå kommunar med raud smittestatus har eit spesielt ansvar for eiga åtferd dei siste 10 dagane før arrangementet. Klubbane må informere sine utøvarar om deira ansvar om å ikkje ha fleire nærkontaktar enn naudsynt, og ikkje oppsøke plassar der risiko for smitte er større.
- Me har vertar i anlegget som de kan spørje om råd om smittevern (dei har gul vest). Dei vil også minne dykk på smittevernreglane slik at alle hugsar på bl.a. å halde avstand.

Det er lov med inntil 200 personar i anlegget på kvar kohort.

Kohort 1: 13-16 år. Her kan det vera 160 utøvarar og til saman 40 i støtteapparatet. Det betyr at det kan vera med ein vaksen/støtteapparat pr. lag i klassane 13-16 år, junior og senior.

Kohort 2: 8-10 år. Her kan det vera 100 utøvarar og dermed ein vaksen pr. utøvar.

Kohort 3: 11-12 år. Her kan det vera 100 utøvarar og dermed ein vaksen pr. utøvar.

Startliste vert lagt ut www.liatoppen.com. Det vert ikkje opna for å ta inn nye lag sjølv om eit påmeldt lag ikkje stiller.

Påmeldingsfristen er 27. desember kl. 23.59. Etterpåmelding er ikkje mogleg.

Kohort 1 startar kl. 10:00. Me reknar med at alle er ute av anlegget ca. kl. 11:30.

Kohort 2 slepp inn i anlegget kl. 11:45. Fyrste start er kl. 12:30. Me reknar med at alle er ute av anlegget kl. 14:00.

Kohort 3 slepp inn i anlegget kl. 14:15. Fyrste start er kl. 15:00.

Parkering

Parkering kostar 50 kroner. Betaling kun med Vipps. Det er ingen parkeringsvakter, så me oppmodar om at alle finn ein høveleg plass og betalar. Eit område ved Liatoppen Fjellstove vert stengt av for hotellet sine gjestar.

Registrering når de kjem til anlegget

Alle skal registrere seg med namn og mobilnummer. Før du får kome inn på stadion; Send sms på mobil 907 37 852 (rennkontoret). Vis fram at meldinga er sendt når de går inn i anlegget. Er de fleire som reiser i lag, er det nok å sende ein sms med namn og nummer på alle.

Startnummer

Alle klubbposar vert hengt opp langs vegen opp til stadion. Ansvarleg for klubben tek med seg posen. Her finn de startnummer, brikker til dei yngste og deltakarpremie. Det er ikkje naudsynt å gå innom rennkontoret bortsett frå om det er noko er feil med startnummer eller brikker. Skal de innom rennkontoret, ber me om at det er berre kjem ein om gongen.

Smøring av ski

Alle må gjera ferdig glisona før dei kjem inn i anlegget. Festesmøring har klubben ansvaret for. Me oppmodar om at det er ein vaksen pr. lag som har ansvar for festesmøring.

Me vil legge ut smøretips og har fått med oss Ole Bjørn Tretterud frå Swix til å lage desse. Måndag 28. desember vil det bli lagt ut tips på glider, og tysdag ettermiddag/kveld på festesmørning. Dette for at de kan gjera det meste av smøringa før de kjem på stadion. Der vil det bli kort tid fram til 1. etappe startar for kohort 1 og 2.

Vekslingar

Utøvarane skal ikkje vera i kontakt med kvarandre ved veksling. Det vert laga ein strek i vekslingsfeltet. Når utøver har passert denne kan den som skal gå neste etappe starte.

Premieutdeling

Det er ikkje premieutdeling etter rennet. Alle får deltakarpremie utdelt i klubbposen. Medaljer vert hengt opp i posar utanfor rennkontoret. Lagleiar er ansvarleg for at dei vert henta.

Me ber alle om å reise frå skianlegget raskast mogleg etter målgang. Resultatliste finn de berre på www.liatoppen.com og <http://fjellet-il.idrettenonline.no/>. Det vert ingen drikke i målområdet. Varmestugu er stengt for andre enn arrangør.

Toalett

Toalett er sjølvsagt opne. Her vil me ha utvida reingjering undervegs i arrangementet. Det vert vaska før og etter kvar kohort.

Kiosk

Det vil vera mogleg å kjøpe kaffi, anna drikke og enkel mat. Salet vil gå føre seg via ei luke i vegggen på varmestugu. Me oppmodar om å ikkje lage kø utanfor luka. Me tek ikkje imot kontantar. Det er berre mogleg å handle med Vipps.

Liatoppen skisenter vil vera stengt for alle andre fram til kl. 17:00.